

Miljørapport nr. 2 - 2013

Forvaltningsplan for Storamyr naturreservat. Sola kommune, Rogaland.



Juni 2013



Fylkesmannen
i Rogaland



CONVENTION ON WETLANDS
(Ramsar, Iran, 1971)

MILJØRAPPORT

FYLKESMANNEN I ROGALAND
MILJØVERNDELINGAPostadresse:

Postboks 59
4001 STAVANGER
Tlf. 51 56 87 00
E-post: postmottak@fmro.no

Kontoradresse:

Statens Hus
Lagårdsveien 44
4010 STAVANGER

Tittel: Forvaltningsplan for Storamyr naturreservat. Sola kommune, Rogaland	Rapportnr.: 2 – 2013 (internettversjon – pdf-format)
Forfatter: Torborg Berge	Dato: 21.06.2013
Prosjektansvarleg: Per Kristian Austbø	Faggruppe: Områdevern
	Geografisk område: Rogaland
Finansieringskjelde: Direktoratet for naturforvaltning	Arkivnummer: 2012/6495
	Antal sider: 58
Emneord: Storamyr, naturreservat, vern, skjøtsel, bevaringsmål, forvaltningsplan, Ramsar, våtmark, myr, gjengroing	ISSN-nummer: 0802-8427
<p>Samandrag: Storamyr naturreservat vart oppretta i 1986 som ein del av våtmarksvernet i Rogaland. Myra er eit av dei viktigaste våtmarksområda på Jæren, og har internasjonal status som Ramsar-område. Ho fungerer som eit viktig hekkeområde spesielt for spurvefuglar, men også som trekk-, raste- og overvintringsområde for fugl. Storamyr har ein variert flora som er typisk for myrene på Jæren.</p> <p>Fram til oktober 2012 har det på Storamyr vorte registrert 102 fugleartar. Reservatet er spesielt viktig for fuglar som held til i sump, eller på open myr. 21 av dei registrerte fugleartane er lista som trua. Også fleire av dei raudlista hekkefuglane har forsvunne frå området dei siste tiåra.</p> <p>For å sikra myra og naturverdiane der, finst det reglar som styrer kva som er lov og ikkje inne i naturreservatet. Forvaltningsplanen skal klarleggja korleis vernereglane skal tolkast, og seia kva som er lov og ikkje. Vidare skal planen avdekka truslar mot verneområdet, og skissera løysingar for å ta vare på verdiane i området.</p> <p>Formålet med vernet er å ta vare på ei typisk flatmyr med variert vegetasjon og å sikra ein viktig fuglebiotop. Storamyr naturreservat er lite, om lag 145 daa, og grensa for reservatet går langs myrkanten. Framtida til myra avheng derfor i stor grad av korleis områda utanfor reservatet vert forvalta i tillegg til skjøtsel i reservatet.</p> <p>Det er lite oppdatert bakgrunnskunnskap om naturverdiane i Storamyr og planen viser behovet for at det bør settast i gang undersøkingar av plante- og dyreliv. Deretter må forvaltningsplanen gjennomgåast på nytt for å konkretisera eller korrigera bevaringsmåla. Forvaltningsplanen kjem med konkrete tilrådingar til forsiktig skjøtsel i verneområdet. Noko av det viktigaste å følgja opp er at tre- og busk-vegetasjonen må haldast nede slik at myra får ha eit open myrlandskap. I tillegg bør vasstanden hevast til nærare slik han var før dreneringa. Dette vil gi myra eit meir opphavleg preg og betra høva for våtmarksfugl, samstundes som det er med på å bremsa gjengroinga.</p> <p>Eit overordna forvaltningsmål for Storamyr naturreservat er å ta vare på, eller auka det naturlege artsmangfaldet i reservatet, samt ta vare på eit typeområde innanfor Jæren våtmarkssystem.</p>	

INNHALD

FORORD	4
1 OM FORVALTNINGSPLANEN	6
1.1 Overordna mål for verneområde i Noreg	6
1.2 Vernevedtak og -formål.....	6
1.3 Forvaltningsplanen – formål og prosess.....	6
2 SKILDRING OG STATUS FOR VERNEOMRÅDET	8
2.1 Områdeomtale	8
2.1.1 Lokalisering og omliggjande areal	8
2.1.2 Landskap, geologi og klima	9
2.1.3 Påverknad og inngrep	10
2.1.4 Naturtype, vegetasjon og flora	11
2.1.5 Fauna	12
2.1.6 Framande artar.....	15
2.1.7 Kulturminne.....	17
2.2 Bruk før og i dag	17
2.3 Planstatus.....	18
2.4 Vassdirektivet.....	18
2.5 Jæren våtmarkssystem og Ramsar-status	18
2.6 Påverknad frå omliggjande areal.....	21
3 MÅL FOR VERN OG FORVALTNING I STORAMYR NATURRESERVAT	22
3.1 Naturmangfaldloven og forvaltning av reservatet.....	22
3.2 Forvaltninga sine utfordringar	23
3.3 Soneinndeling og bevaringsmål for Storamyrr naturreservat	24
3.4 Overvaking	30
3.5 Oppsyn	31
3.6 Forslag til tiltak med tilskotsordningar.....	32
4 PRAKTISERING AV VERNEFORSKRIFTA	33
4.1 Sakshandsaming - Verneforskrifta og naturmangfaldloven	33
4.2 Verneformål.....	34
4.3 Landbruk	35
4.3.1 Beiting.....	35
4.3.2 Gjødsling og tilsvarande tiltak.....	35
4.3.3 Grøfting, drenering, og vedlikehald av grøfter, kanalar, brønn, og liknande	35
4.3.4 Hogst av tre/ skog.....	36
4.3.5 Bygningar, anlegg og faste innretningar, osv	36
4.3.6 Inngrep og forsøpling.....	37
4.4 Jakt	37
4.5 Friluftsliv og undervisning i reservatet.....	37
4.6 Formidling av verneverdiane.....	38
4.7 Avløp.....	38
4.8 Motorferdsel	38
4.9 Skjøtsel og vedlikehald	38
5 REFERANSAR	40
Vedlegg 1 – Verneforskrift.....	42
Vedlegg 2 – Registrerte fugleartar i Storamyrr naturreservat.....	44
Vedlegg 3 – Faktaark om Ramsarområdet	47
Vedlegg 4 – Oversikt over aktuelle tiltak fordelt på tema.....	54
Vedlegg 5 – Vernekart	55

FORORD

Storamyrlaturreservat vart oppretta i 1986 som ein del av våtmarksvernet i Rogaland. Myra er eit av dei viktigaste våtmarksområda på Jæren, og har status som Ramsar-område. Det vil seia at ho er del av eit internasjonalt viktig våtmarksområde. Ho er ei av dei få torvmyrene som er att på Jæren, og fungerer som eit viktig hekkeområde spesielt for spurvefuglar, men òg som trekk-, raste- og overvintringsområde for fugl. Samstundes har ho ein variert flora som typisk for myrene på Jæren. Verneområda på Jæren får ein stadig viktigare rolle som leveområde for dyr og plantar i ein region kor dyrka mark dominerer og restareala er i rask tilbakegang.

Storamyrlaturreservat har vore utsett for endringar dei siste hundre åra, med drenering som største inngrep, og gjengroing som eit resultat av dette. Myra får tilsig av næringsstoff frå landareal i nord, vest og aust.

For å sikra myra og naturverdiane, finst det i verneforskrifta reglar som regulerer bruken av området. Denne forvaltningsplanen skal klarleggja korleis vernereglane er å forstå. Vidare skal planen avdekka truslar mot verneområdet, og skissera løysingar for å ta vare på verdiane. Planen er bygd opp etter punkta under:


- skildring av planprosessen
- skildring av området og verdiane
- skildring av vernereglar og praktisering av desse
- mål for forvaltninga og forslag til tiltak

Storamyrlaturreservat er lite, og grensa for reservatet går langs myrkanten. Framtida til myra avheng difor i stor grad av korleis områda utanfor reservatet vert forvalta, i tillegg til skjøtsel i reservatet. For å sikra myra må forvaltningsstyresmakta ha god dialog med grunneigarane av reservatet og områda rundt. Landbruket har også fleire frivillige tilskotsordningar som kan hjelpe til med å ta vare på verneverdiane i myra. Det er viktig med god rådgjeving og informasjon om desse.

Planen er utarbeidd av Torborg Berge ved Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavingdelinga, på oppdrag frå Direktoratet for naturforvaltning. Grunnlaget for planen er ein rapport frå Ambio miljørådgjeving 2012.



Storamyrlaturreservat juli 2012. Foto: © Torborg Berge



1 OM FORVALTNINGSPLANEN

1.1 Overordna mål for verneområde i Noreg

Målsetjingane for vern av norsk natur har ei brei tilnærming:

1. Å sikra eit utval av område som samla gir eit representativt utval av variasjonen i norsk natur.
2. Bevaring av økologiske nøkkelområde med viktig funksjon for sjeldan naturrikdom: naturtypar, artar og genetiske variasjonar.
3. Referanseområde for å samanlikna med tilsvarande naturtypar under ulike menneskeleg påverknad.
4. Økologiske ”laboratoria” for undervisning og forskning.
5. Bevaring av område med natur- og kulturpreg for å kunna gi menneske verdfulle naturopplevingar.
6. Sikra det historiske landskapspreget og kulturelementa i dei kulturprega naturtypane, avgjerande for identitetskjennele, forvaltingskunnskap og perspektiv både bakover og fram i tid.

1.2 Vernevedtak og -formål

Storamyrlaturreservat vart freda ved kongeleg resolusjon den 12. desember 1986 etter lov om naturvern. Denne loven er no erstatta av naturmangfaldloven av 19. juni 2009. Vernevedtak etter gammal lov er dermed sikra gjennom § 77 i naturmangfaldloven. Reservatet dekkjer eit areal på om lag 145 daa. Naturreservat er den strengaste verneforma etter naturmangfaldloven.

Formålet med vernet:

Å ta vare på ei typisk flatmyr med variert vegetasjon, og samstundes ta vare på ein viktig fuglebiotop, (jf. verneforskrifta kap. III).

Våtmarksområdet har ein viktig funksjon både som hekkelokalitet, og som raste- og overvintringslokalitet for fugl.

Storamyrlaturreservat er ein del av Jæren våtmarkssystem med internasjonal status som Ramsar-område, jf. kap. 2.5.

1.3 Forvaltningsplanen – formål og prosess

Forvaltningsplanen skal vera eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalda og fremja verneformålet. Samstundes gir planen viktig informasjon til grunneigarar, kommune, organisasjonar og generelt interesserte i samfunnet elles. Planen er tufta på vernereglane og skal vera i samsvar med bevaringsmålet for området. Han skal sikra langsiktig, differensiert og målretta forvaltning av heile verneområdet og gi føringar for bruk, informasjon, skjøtsel og eventuell tilrettelegging.

Forvaltningsplanen skal ikkje skjerpa eller svekka vernereglane, men klargjera rammene for desse og den vidare bruken og forvaltninga av området. Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande som verneforskrifta, og kan reviderast ved behov.

Planen skal:

- dokumentera natur- og kulturverdiar
- avdekka brukarinteresser og tilhøvet til verneforskrifta (Korleis skal verneforskrifta praktiserast?)
- gi retningslinjer for sakshandsaming (jf. kap. 4)
- laga mål for bevaringsmål med oppfølgjande tiltak
- gjera greie for praktiske forvaltningstiltak for å fremja verneformålet

Det er eit mål at forvaltninga skal vera mest mogleg fleksibel og utan unødige konflikhtar med tradisjonelle brukarinteresser.

Planprosess:

I juni 2012 varsla Fylkesmannen med brev oppstart av arbeidet med forvaltningsplanen. Vidare har alle grunneigarar vorte kontakta direkte med tilbod om møte/synfaring. Som følgje av dette har det i prosessen vore synfaring med 5 av 25 grunneigarar. Innspel frå desse gir viktig erfaringsbasert kunnskap i arbeidet med forvaltningsplanen.

Etter fagleg godkjenning i Direktoratet for naturforvaltning (DN) vil forvaltningsplanen bli sendt på høyring til grunneigarar, kommune og andre offentlege instansar, lokale lag og organisasjonar. Høyringa vil så verta oppsummert, med eventuelt påfølgjande revisjon av planen, før denne vert sendt til DN for endeleg godkjenning. Godkjenning av forvaltningsplanen er eit enkeltvedtak som kan påklagast.

Klage:

Når forvaltningsplanen er godkjent, skal han sendast ut til grunneigarar og andre partar som har vore med i prosessen. Grunneigarar, eller andre med rettsleg klage tilgang, kan klaga på godkjenninga eller planen, dersom planen har innverknad på klagande part. Ei eventuell klage skal sendast til Direktoratet for naturforvaltning som vidare sender klaga til Miljøverndepartementet for endeleg avgjerd.



Figur 1.1: Flyfoto av Storamyrl 27. mai 2011. Foto: Roy Mangersnes.

2 SKILDRING OG STATUS FOR VERNEOMRÅDET

2.1 Områdeomtale

2.1.1 Lokalisering og omliggjande areal

Storamyrt ligg om lag 1 km nord for sentrum av tettstaden Tananger i Sola kommune (figur 2.1). Tananger ring, fylkesveg 375, går langs den sørlege grensa til reservatet, og på andre sida av vegen er det tettbygd busetnad. I vest, nord og aust grensar jordbruksområde til reservatet. I vest er det i underkant av 1 km til sjøen og tilsvarande i aust med under 1 km til innlaupet til Hafrsfjord, medan mot nord og mot sør er det ca. 1,5 km til sjø.



Figur 2.1. Kart over Tananger med Storamyrt. Vernegrensar i grønt. Kjelde: Temakart Rogaland.

2.1.2 Landskap, geologi og klima

Landskap

Storamyr ligg kystnært til, lengst nord på Låg-Jæren (Puschmann 2005). Landskapet vert definert som lågland med eit flatt, eller svakt bølgjande morenebakketerreng.


Storamyr ligg i eit søkk i landskapet, dels på grunnfjell og dels på morenemateriale og marin leire. Myra har ei verdfull veksling mellom ulike vegetasjonstypar (myr, lynghei og skog) som til saman gir eit verneverdig landskapsrom.



Figur 2.2. Utsyn over Storamyr frå sør mot nord. Biletet er tatt 7. desember 2011.

Geologi

Berggrunnen ved Storamyr er av harde bergartar som gir ein næringsfattig grunn, granittisk gneis med glimmergneis, samt lag av kvartsitt og glimmerskifer. Einskilde lokale førekomstar av rikare berggrunn som amfibolitt kan også finnast (NGU berggrunnskart). Myra ligg på tjukk morene på grensa mot tynnare morene og delvis bart fjell i sør.



Figur 2.3: Kart over lausmassar i og rundt Storamyr naturreservat. Kartet viser at det meste av reservatet er dekt av torv og myr (raudbrunt), som grensar til tynnare morene (lysegrøn), tjukkare morene (mørkare grøn) og bart fjell med stadvis tynt dekke (rosa). Kjelde: NGU Løsmasser

Klima

Det er eit mildt klima i området, med ein årleg snittemperatur på 7,4 °C målt på Sola målestasjon (Meteorologisk institutt). Januar og februar er dei kaldaste månadane i året med 0,8 og 0,6 °C. Årleg nedbør er normalt 1180 mm, og det regnar mest i perioden august til desember.

2.1.3 Påverknad og inngrep

Storamyrd er prega av ulike menneskelege inngrep, som tidlegare torvuttak, grøfting og drenering. Fleire av grøftene viser godt på flyfoto. Grøfting har ført til drenering, noko som igjen fører til at delar av myra gror raskt igjen. Vegen på sørsida har nok også ført til ytterlegare drenering. Då vernearbeidet gjekk føre seg på byrjinga av 1980-talet, var det fleire av grunneigarane negative til vernet, og meinte at myra burde dyrkast (Fylkesmannen i Rogaland 1981). Området ber også preg av at det har vore beita.



Figur 2.4: Spor etter grøfting nordaust. Juli 2012. Foto: © Torborg Berge



Figur 2.5: Inne i lauvskogen er det tydelege spor etter torvuttak. I dag fyller vatnet opp torvgroven, medan det på torvbeene veks tre og buskar. Oktober 2012. Foto: © T. Berge

Gjennom nordenden av reservatet går det ei kraftlinje, jf. figur 2.3. Under kraftlinja er det spor etter rydding av skog og kratt. Det ligg også noko spreidd søppel/skrot i nord.



Figur 2.6: Noko av skrotet som litt i den nordre delen av reservatet. Oktober 2012. Foto: © Torborg Berge

2.1.4 Naturtype, vegetasjon og flora

I ein skjøtelsesplanen frå 1981 vert Storamyrl karakterisert som ei gjengroingsmyr med eit samansett vegetasjonsbilete (Hauge 1981). Storamyrl vert også omtala som flatmyr/nedbørsmyr, og fell inn under naturtypen kystmyr (A08, intakt myr i ytre kystområde, DN 2007). I søraust og i sørvest er det også innslag av kystlynghei (D07, DN 2007), som er kategorisert som sterkt trua i Norsk rødliste for naturtyper (2011). Storamyrl ligg i låglandet på Nord-Jæren og er omgitt av intensivt jordbruk på tre sider, samt eit tettbygd strok i sør, der vegen går langs vernegrensa.

Naturtype er ei avgrensa eining i naturen og omfattar både planteliv, dyreliv og miljøfaktorar.

Vegetasjonstype er eit einsarta plantesamfunn, til dømes skog, myr eller sump.

Flora er alle planteartar som finst i eit gitt område.



Figur 2.7: Den sørlege delen med gjerdet som går tvers over myra. Gjerdet stengjer beitedyra ute frå den vestlege delen av myra (i høgre del av biletet), og myra gror difor raskt igjen med takrøyr og lauvskog der. På den austre delen av myra (i venstre kant av biletet) er vegetasjonen halden nede ved beite. Heilt i framkant av biletet, samt lenger bak på den austre delen, ser me innslag av kystlynghei. I bakkant av biletet viser delar av bustadområdet og vegen som ligg heilt inn til vernegrensa. Juli 2012. Foto: © Torborg Berge

Storamyrl har ein variert flora med fleire vegetasjonstypar som utgjer ein heilskap. Sentralt er myra stadvis svært fuktig. Torvskjæring har stadvis gitt ei ujamn myroverflate med små vasshol. Fattig vegetasjon dominerer, men det finst også intermediære parti. Nokre av sumppartia er dominert av takrøyr, men her finst også artar som trådstorr, småpiggnopp og gytjeblererot.

I den nordlege delen av Storamyrl ligg ein frodig lauvskog, hovudsakleg av bjørk og noko rogn, samt med øyrevier og selje i kanten. Alt på 1980-talet hadde skogen byrja å breia seg utover på myrflata, både som eit resultat av grøfting og opphøyring av beite. Vekslande artssamansetjing gjenspeglar variasjon i næringsforholda i ulike delar av myra. I skjøtelsesplanen frå 1981 vert det rapportert om funn av totalt 114 artar karplantar (Hauge 1981). Istervier er nemnd som ein meir uvanleg art for Jær-regionen. Det er ikkje rapportert om funn av raudlista planteartar.

Status i dag:

Myra er framleis prega av stor gjengroing. I tillegg til skogbeltet i nord og vest, veks det ein del ung bjørk på myra, og det er oppslag av bjørkeris frå nedhogde tre ute i dei opne, fuktige partia sentralt på myra. I den austlege delen er det spreidde oppslag av sitkagran. Einer breier seg også utover fleire stader på myrområdet, særleg i områda med kystlynghei.



Figur 2.8: Den nordlege delen av Storamyr gror igjen med lauvskog og takrøyr. Juli 2012. Foto: © Torborg Berge

Oppsummering:

Dei botaniske naturverdiane er i hovudsak knytt til myrflata og fragmenta av kystlynghei, samt til den gamle fuktskogen.

Mangel på nyare data viser stort behov for ny undersøking.

2.1.5 Fauna

Fauna
er alle dyreartar som
finst i eit område.

Den frodige og varierte vegetasjonen i Storamyr naturreservat gir grunnlag for eit variert fugle- og insektliv. Myra har stor verdi både som hekke- og overvintringslokalitet, og som raste- og fødesøksområde for trekkande fugl vår- og haust. Kunnskapen om faunaen elles, er ujamn i området, jf. vedlegg 3.

Fugl

Då verneprosessen starta for meir enn 30 år sidan, vart fuglelivet på Storamyr undersøkt. Kunnskapen me har i dag, baserer seg delvis på desse undersøkingane, delvis på nye feltundersøkingar i 2011 og 2012, samtalar med fuglekikkarar, samt utdrag frå diverse databasar. Samanlinka med ein del av dei andre områda som går inn i Jæren våtmarkssystem, vert Storamyr i dag lite vitja av ornitologar.

Fram til byrjinga av 80-talet var det registrert 67 fuglearter i Storamyr. 1/3 av desse var truleg hekkande på 70-talet (Mauritzen 1980, Roalkvam 1977 i Hauge 1981). Fuglefaunaen på Storamyr var då i stor grad representativ for Jæren, med mange karakterartar, som til dømes vipe, tjeld, heilo, raudstilk, storspove, storkand, heipiplerke, gulerle, sivsporv og buskskvett.

I dag er det observert 102 fuglearter i området, men berre omlag 16 av desse hekkar meir eller mindre årvisst. I dag er fuglelivet typisk det ein finn i låglandsbjørkeskog/ krattskog med lauvsongar, bokfink, gråsisik, raudstrupe og svarttrast som dominerande artar. På dei tørrare delane av reservatet, er også heipiplerka vanleg. Vanleg er også tornirisen. I dei fuktige og takrøyrdekte delane av myra, er det framleis ein del sivsongar og sivsporv, og den raudlista grashoppesongaren hekkar truleg på Storamyr dei fleste åra. Enkeltbekkasinen spelar framleis over myra på sommarkveldane, men vassriksa har truleg forsvunne som hekkefugl (Mjøltnes 2012).

Tabell 2.1. Raudlista fuglar registrert på Storamyrtur

Raudlista fuglar	Raudlistekategori
Myrrikse	EN - sterkt trua
Myrhauk	VU - sårbar
Vassrikse	VU - sårbar
Tyrkerdue	VU - sårbar
Songlerke	VU - sårbar
Sandsvale	VU - sårbar
Grashoppesongar	VU - sårbar
Sivspurv	VU - sårbar
Rosenfink	VU - sårbar
Hønsehauk	NT - nær trua
Sivhøne	NT - nær trua
Vipe	NT - nær trua
Storspove	NT - nær trua
Hettemåke	NT - nær trua
Fiskemåke	NT - nær trua
Tårnsegjar	NT - nær trua
Nattergal	NT - nær trua
Svartstrupe	NT - nær trua
Stær	NT - nær trua
Tornirisk	NT - nær trua
Bergirisk	NT - nær trua

Enkeltbekkasinen ein diagnostisk art og i den opne, tørrare delen av myra; den delen som vekslar mellom open myr og kystlynghei (sone A, jf. tabell 3.1).

Vassrikse, sivsongar og sivspurv, er alle artar som er diagnostiske for den våtare, takrøyrdekte myra (sjå tabell 3.4) i sone A (jf. tabell 3.1).

Grashoppesongar og buskskvett trivst best i overgangen mellom oppe landskap og skog – der kor det er kratt, buskar og einskilde tre. Dei vil difor vera diagnostiske artar for kanten av sone B (jf. tabell 3.2), der kor myra går over i skog.



Figur 2.9: Vassrikse – ein av dei diagnostiske artane for Storamyrtur.
Foto: © Rune Sveinsgjerd Karlsen



Figur 2.10: Sivsongar er også ein diagnostisk art.
Foto: © Kjell Ruud Mjøltnes




Figur 2.11: Tornirisk likar opne område med buskar og tre, og hekkar årleg på Storamyrtur. Foto: © Kjell Ruud Mjøltnes




Figur 2.12: Buskskvetten likar også opne område med buskar og tre. Han er ein av diagnostiske artane for verneområdet og hekka fram til nyleg årleg på Storamyrl. Foto: © Kjell Ruud Mjølåsnes

Andre dyr

For førekomst av pattedyr, amfibium og virvellause dyr føreligg det liten dokumentasjon og rapportering, men me veit at myra er tilhaldsstad og yngleplass for rådyr, at firfisle er vanleg i dei tørrare, oppstikkande partia, og at myra har eit rikt insektliv, mellom anna med mange artar sommarfuglar, blomsterfluger og humler. Det er også registrert flaggermus på myra, men desse har ikkje blitt identifisert til art.



Figur 2.13: Jordhumle på klokkelyng. Foto: © T. Berge



Figur 2.14: Steinhumle på myrtistel. Foto: © T. Berge

Oppsummering:

For våtmarksfugl har Storamyrl ein viktig funksjon som raste- og fødesøksområde. Reservatet er også ein viktig hekkelokalitet, både for spurvefugl knytt til skogholtet og sannsynlegvis for våtmarksfugl. Totalt 102 fugleartar er observerte i området. Sivsongar har hatt ein særleg høg hekkebestand. Av sjeldne fuglar kan vassrikse og grasshoppesongar trekkast fram.

Mangel på nyare data viser stort behov for ny undersøking.

2.1.6 Framande artar

I verneområdet finn ein fleire framande plante- og dyreartar. Tabell 2.2 inneheld ei liste over framande artar som er registrerte i området.

Framande artar skal om mogleg fjernast frå området. Difor er det viktig å prioritera dei etter kor stor trussel dei utgjer (Sjå kapittel 4).

Framande artar er artar som ikkje har eit naturleg opphav i området og som gjerne har vorte innførte til området ved menneskeleg hjelp, aktivt eller passivt. Einskilde framande artar vil etablera seg og kan ofte konkurrera ut artar som førekjem naturleg. Særleg skadelege artar er ført opp på ei nasjonal svarteliste (Gederaas, Salvesen og Viken 2007) (Artsdatabanken 2007).



Figur 2.15: Den nordaustre delen av Storamyrl. Den store leplantinga av sitkagran rett aust for reservatet har spreidd frø sine inn i reservatet. Dette har ført til at det kjem opp mange småplantar av sitkagran inne i reservatet. Foto: © Torborg Berge

Tabell 2.2: Framande artar funne i Storamyrl naturreservat.

Artsgruppe	Art	Nasjonal svartelistekategori	Førekomst	Trussel
Sniglar	Brunskogsnigel	Svartelista, høg risiko	Spreidde førekomstar	Usikker
Fuglar	Fasan	Låg risiko	Fast tilhald	Usikker
Plantar	Sitkagran	Svartelista, svært høg risiko	Spreidde større tre og mange småtre på den tørre delen av myra. Har kome inn frå trerekka som står rett utanfor reservatet i aust.	Stor. Frøsetjande tre utanfor reservatet spreier seg inn i reservatet. Dei fleste trea inne i reservatet har ikkje byrja setja frø enno, så desse utgjer førebels ikkje ein trussel.
	Bulkemispel	Svartelista, svært høg risiko	Nokre buskar inne i lauvskogen i vest	Usikker
	Raudhyll	Svartelista, høg risiko	Ein del buskar i kanten av lauvskogen	Veks villig i kantskogen og ser ut til å kunna spreia seg
	Svarthyll	Låg risiko	Ein del tre langs nordgrensa av reservatet, samt i lauvskogen	Veks villig, spesielt i lauvskogen og kanten av denne, og ser ut til å kunna spreia seg
	Ribes sp. (rips, solbær)	Uvisst	Spreidde førekomstar i lauvskogen	Usikker


(Storhaug 2011, Gederaas, Moen, Skjelseth og Larsen 2012)



Figur 2.16: Sitkagran som har spreidd seg i reservatet. Foto: © Torborg Berge



Figur 2.17: Svarthyll. Foto: © Torborg Berge



Figur 2.18: Det veks mykje forvilla Ribes i lauvskogen i nordvest. Foto: © Torborg Berge



Figur 2.19: I lauvskogen veks det også mange og store Mispel-buskar. Foto: © Torborg Berge

2.1.7 Kulturminne

Det er ikkje kjent nokon kulturminne innanfor naturreservatet (Temakart Rogaland), men området rundt Storamyrtur var, og er nok framleis, svært rikt på kulturminne.

Kulturminne er spor etter menneskeleg aktivitet som det er knytt historiske hendingar, tru, eller religion til. Eldre kulturminne frå før 1537 vert kalla **forminne** og er automatisk freda.

Storamyrtur som låg under garden Myklebust og i grensa mot Mæland, er omtala som torvmyrtur og var utan tvil ein viktig ressurs for desse gardane. På Myklebust, som er den næraste garden, var det omfattande arkeologiske granskingar i felt 2010-2011. Stavanger arkeologiske museum arbeider no med rapporteringa etter desse. Dei har påvist gardsbusetnad attende til bronsealderen ca. 1500 f. Kr., og eit tyngdepunkt i aktiviteten i jernalder ca. 500 e. Kr.

I tida 1979-1984 vart det bora 5,5 m under overflata i myra (Prøsch-Danielsen 2006). Det viste at dei nedste 2,5 m er leire og leirgytje, 2,5-1,5 m under overflata ligg det gytje, og over dette nivået ligg godt humifisert torv. Overgangen mellom sein istid og tidleg etteristid er rekna å liggja 2,25 m under overflata i borepunktet.

Storamyrtur ligg svært godt plassert i terrenget for å fanga opp pollen, trekolstøv osv. frå vegetasjon, aktivitet, samt busetnad i området gjennom tidene. For paleoøkologane betyr torvtekten at delar av myra er fjerna som naturhistorisk arkiv, dvs. myra speglar ei lang historie der den yngste delen kan vera fjerna heilt eller delvis. Mykje ligg framleis att og bør sikrast for framtida.

2.2 Bruk før og i dag

Fram til 1948 vart Storamyrtur i hovudsak brukt til torvuttak (E. Kristiansen pers.med.). Den austre delen har også vore sauebeite i lengre tid.



Figur 2.20: Flyfoto frå 1966 viser spor etter mykje torvtekt, spesielt i den vestre delen av reservatet. Reservatgrensa er teikna inn omtrentleg, for å gjera det lettare å sjå kor reservatet er i dag. Mykje av områda rundt var på denne tida enno intakt myr og kystlynghei. Her var lite/ingen skog.

2.3 Planstatus

I arealdelen i kommuneplan for Sola kommune for perioden 2011-2022, er alt arealet som ligg innanfor vernegrensa markert som bandlagt etter naturvernloven. Arealet er også sett av som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-) etter plan- og bygningsloven (PBL 2008). Det er også arealet som grensar til verneområdet i vest, nord og aust, men som ligg utanfor sjølve verneområdet. Heile dette LNF-området ligg innanfor langsiktig grense for landbruk. I sør grensar ein veg og bustadområde til Storamyrt.

2.4 Vassdirektivet

Noreg har skrivne under på EU sitt vassdirektiv. Dette inneber at det innan 2015 skal utarbeidast forvaltningsplanar for alt kyst-, innlands- og grunnvatn i Noreg for å sikra ei heilskapleg vassforvaltning og fremja berekraftig bruk. Målet er at alle vassdrag skal ha god økologisk tilstand.

Storamyrt naturreservat er ein del av Jæren vassområde (tidlegare Aksjon Jærvassdrag) i vassregion Rogaland. Forvaltningsmåla for Storamyrt skal harmoniserast med måla i forvaltningsplanen for Jæren vassområde, men måla i denne planen vil vera meir detaljerte og konkrete. Metodikken er likevel den same; tilstanden til området må identifiserast, miljømåla for området må formulerast, og tiltaka for å nå målet om eit velfungerande økosystem må setjast i verk.

2.5 Jæren våtmarkssystem og Ramsar-status



CONVENTION ON WETLANDS

(Ramsar, Iran, 1971)

Jæren våtmarkssystem (fig. 2.22) fekk Ramsarstatus i 1985. Det vil seia at våtmarkssystemet er eit internasjonalt viktig våtmarksområde. Det er utan samanlikning det viktigaste området for våtmarksfugl i Noreg, spesielt som trekk- og overvintringsområde. Gjennom at Noreg har skrivne under på Ramsar-konvensjonen (Ramsar nettsider, www.ramsar.org), har landet plikta seg til å sikra den økologiske funksjonen til Ramsar-områda sine gjennom best mogleg forvaltning. Forvaltninga skal vera berekraftig og byggja på best mogleg kunnskap om områda sine verdiar og tolegrenser. Kvart tredje år må medlemslanda gi ein rapport om status for dei utpeikte Ramsar-områda. Storamyrt er del av dette fordi:

Storamyrt er ein del av *Jæren våtmarkssystem* fordi det saman med dei andre områda er med på å tilfredsstilla Ramsar-kriterium 1-5 (vedlegg 3):

- Storamyrt inngår i *Jæren våtmarkssystem*, som del av eit av dei viktigaste våtmarkssystema for fugl i Noreg, og har difor internasjonalt verdi. (Jf. Ramsar-kriterium 1 på heimesida til Ramsar, www.ramsar.org).
- Myra er funksjonsområde for fleire sårbare og sterkt trua fugleartar og opprettheld mangfaldet i regionen. (Kriterium 2).
- Reservatet er hekkeområde for ei rekke fugleartar som er typiske for våtmarker og skog i Jær-regionen. (Kriterium 3).
- Myra er ein viktig rastelokalitet for store mengder ender på vår- og hausttrekk. (Kriterium 4).
- Det er ein del av eit våtmarkssystem som ofte er funksjonsområde for 20.000 eller fleire våtmarksfuglar. (Kriterium 5).

Jæren våtmarkssystem er sett saman av 23 delområde; 15 naturreservat og 8 fuglefredingsområde (jf. fig. 2.22). Samla dekkjer Ramsarområdet 141 km², og inneheld ein stor geomorfologisk og økologisk variasjon; alt frå opne sjøareal med øyrike i vest, grunne taeskogområde, tarerike strender og sanddynesystem, og næringsrike vatn og myrer på Låg-Jæren. Dette er viktige leveområde for mange nasjonalt og internasjonalt sjeldne fuglar, plantar og insekt. Artsrikdommen er svært høg til å vera i Noreg, og ein må ofte lenger sør for å finna tilsvarende artsmangfald på tilsvarende avgrensa areal.

Dette kan i første rekke skyldes milde vintrar og den strategisk plasseringa Jæren har i trekklinjene vår og haust. Her passerer enorme mengder fugl vår og haust, samstundes som store mengder med våtmarksfugl overvintrar på Jæren. For fuglelivet er det også viktig med store grunne innsjøar med våtmarker og vasspegel som er opne store delar av vinteren.

Storamyr har ei etter tilhøva stor, open myroverflate, med ein mosaikk av myr, kystlynghei og skog. I tillegg er det mykje takrør. Verdiane knytte til den opne myrflata, og mosaikken mellom denne, kystlyngheia og fuktmarksskogen, er unik på Storamyr i høve til dei fleste andre Ramsar-lokalitetane i *Jæren våtmarkssystem*.



Figur 2.21: Nysnø på myra. Foto: © Kjell Ruud Mjølshes



Figur 2.22: Oversikt over alle dei 15 naturreservata og dei 8 fuglefredingsområda som inngår i Ramsar-området Jæren våtmarkssystem. Til saman dekkjer Ramsar-området over 141 km². Området Raunen, heilt i sør, er ikkje enno tatt inn, men vil verta ein del av Jæren våtmarkssystem om ikkje så lenge.

2.6 Påverknad frå omliggjande areal

Tiltak og drift på utsida av naturreservatet påverkar verneverdiane i verneområdet. Verneforskrifta regulerer ikkje denne type påverknad, med mindre tiltaka fører til varige og vesentlege skadar på verneverdiane. For verksemdar som treng løyve etter anna lovverk, krev naturmangfaldloven §49 at omsynet til verneverdiane skal vektleggast ved avgjersla om det skal givast løyve, og når vilkår for eit slikt løyve skal setjast. For andre verksemdar gjeld aktsemdsplikta etter naturmangfaldloven § 6. Reservatet er svært lite, og ytre påverknad kan få store følgjer. Dette gir store utfordringar i høve til korleis dei omliggjande areala og nedbørsfeltet som heilskap vert forvalta.

Utfordringane må i første rekke løysast gjennom frivillige tiltak i landbruket (SMIL - Spesielle Miljøtiltak i Landbruket og RMP - Regionalt MiljøProgram), samt ved bruk av plan- og bygningsloven, Vassdirektivet og naturmangfaldloven.

Tabell 2.3: Identifisering av påverknad frå omliggjande areal.

Påverknad	Kva	Strategi
Menneskeleg forstyrning	Tananger ring fv 375 er plassert tett inntil reservatet i sør, og tett busetnad er etablert på sørsida av vegen. Dette gir ein del transportstøy og forureining. Stor utbygging i området rundt reservatet gjer at ein må rekna med auka press for å bruka reservatet og området rundt som friluftsområde.	<ul style="list-style-type: none"> • Unngå forstyrrende aktivitet i grenseområda • Unngå tilrettelegging for friluftsliv og ferdsel inne i reservatet og/eller tett opptil vernegrensa.
Grunneigarforhold	Det er ein svært oppdelt grunneigarstruktur i storparten av reservatet. I søraust er det eit større stykke som tilhøyrr ein grunneigar, medan det i nord og vest er mange smale teigar, eller små område som tilhøyrr ulike grunneigarar.	<ul style="list-style-type: none"> • Viktig med god informasjon til grunneigarane om frivillige tiltak i landbruket. • Forsøka å få ein langsiktig bruk av dei frivillige ordningane.
Hydrologi og vasstand	Oppreinskinga i utlaupet i 1979 seinka grunnvasstanden og har ført til auka gjengroing. Dei viktigaste verneverdiane er knytt til variasjonen av økologiske forhold i reservatet med vekslinga mellom fuktige og våte parti, tørrare kystlynghei og lauvskog.	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdera å auka vasstanden. Støypa inn terskel i utløpet for minimumsvasstand. • Unngå tiltak som reduserer vasstilstrøyminga, eller endrar hydrologien i nedslagsfeltet. • Unngå tiltak som aukar næringsavrenning og gjengroing i randsona
Næringsavrenning frå landbruk	Gjødsling inn til vernegrensa gir næringsavrenning til myra og endrar vegetasjon og flora i reservatet.	<ul style="list-style-type: none"> • Oppretta gjødslingsfrie soner mot vernegrensa gjennom frivillige tiltak i landbruket. • Informera om tilskotsordningar og aktivt komma med konkrete forslag om tiltak til bøndene. • Overvaka gjengroing med takrøyr og tre på myra
Beite	Opphør av beite kan vera medverkande årsak til auka gjengroing.	<ul style="list-style-type: none"> • Oppmoda til fortsett beite i delar av reservatet
Framande artar og ugras	Ei rekke med sitkagran aust for reservatet spreier frøa sine inn i reservatet og fører til at det sprett opp mange småtre inne i reservatet. Det gjer også eit par sitkagraner som står på grensa til reservatet i nordvest. Det er også mange framande plantar av Contoneaster og Ribes inne i lauvskogen	<ul style="list-style-type: none"> • Fylkesmannen kan gi støtte til å fjerna framande artar utanfor reservatet, men som truar verneverdiane i reservatet.
Søppel og fyllingar	Det er etter tilhøva lite skrot og søppel i reservatet. Unntaket er i lauvskogen i nord og vest.	<ul style="list-style-type: none"> • Oppmoda til fjerning av eventuelt skrot ved bruk av SMIL-/forvaltnings-middel • Unngå nye massedeponi inn mot reservatet

3 MÅL FOR VERN OG FORVALTNING I STORAMYR NATURRESERVAT

Forvaltninga av Storamyrlaturreservat skal fremja verneformålet på kort og lang sikt (jf. kap. 3 i verneforskrifta, sjå vedlegg 1):

Formålet med fredinga er å bevare ei typisk flatmyr med variert vegetasjon, og samtidig bevare ein viktig fuglebiotop.

Ut frå verneformål, krav til Ramsar-status og karakterisering av området, skal forvaltninga utarbeida bevaringsmål for naturreservatet. For å ivareta desse, er området delt opp i to soner med eigne bevaringsmål.

3.1 Naturmangfaldloven og forvaltning av reservatet

Forvaltning og generell handsaming av alle saker skal skje i tråd med verneforskrifta og lov om naturmangfald (naturmangfaldloven av 2009). Vern av område etter naturmangfaldloven er eit middel for å sikra naturverdiane i eit område. § 33 i naturmangfaldloven slår fast at verneområda skal vera med på å sikra:

- variasjonsbreidda av naturtypar og landskap
- artar og genetisk mangfald
- trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar
- større intakte økosystem (...)
- økologiske og landskapsmessige samanhengar nasjonalt og internasjonalt (...)

Naturreservat er den strengaste verneforma. Etter naturmangfaldloven § 37 kan ein oppretta naturreservat i område som:

- inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur
- representerer ein bestemt type natur
- på annan måte har er særleg viktig for biologisk mangfald
- (...)

Naturmangfaldloven (NML) av 2009 inneheld forvaltningsmål for artar og økosystem (§§ 4 og 5). Ikkje minst vil desse måla vera gjeldande for forvaltninga av naturreservat som Storamyrlaturreservat, der verneformålet er artar, naturtypar og økosystem, nokon av dei sjeldne og trua.

Naturmangfaldloven § 7 slår fast at rettsprinsippa i §§ 8-12 i loven skal synleggjerast og vektast ved alle offentlege vedtak og avgjerder, og vurderinga skal gå fram av vedtaket. Rettsprinsippa skal altså bli lagt til grunn ved sakshandsaming og vedtak etter verneforskrifta (jf. kap. 4), og ved vurdering av aktuelle praktiske forvaltningstiltak i naturreservatet. Sakshandsaminga skal visa korleis desse prinsippa har vorte vektlagt i vurdering av saker (jf. kap. 4).

Me viser også til vurderingar etter §§ 8 – 12 i kap. 4 – Praktisering av verneforskrifta.

§ 4. Forvaltningsmål for naturtypar og økosystem

Målet er å ta vare på mangfaldet av naturtypar innanfor det naturlege utbreiingsområdet deira, og med artsmangfaldet og dei økologiske prosessane som kjenneteiknar den einskilde naturtypen.

§5. Forvaltningsmål for artar

Målet er å ta vare på artane og det genetiske mangfaldet deira på lang sikt, og at artane finst i levedyktige bestandar i naturlege utbreiingsområda sine.

§ 8. Kunnskapsgrunnlaget

Offentlege vedtak som vedkjem naturmangfaldet skal så langt som råd bygga på vitskapleg og erfaringsbasert kunnskap om bestandssituasjonen til artane, utbreiinga og økologisk tilstand til naturtypar, samt effekten av påverknader.

Kunnskapsgrunnlaget for Storamyrlaturreservatet er gammalt og mangelfullt. Storamyrlaturreservatet er ein del av Jæren våtmarkssystem med internasjonal status som Ramsar-område. I samband med myrvernet i Rogaland på 1980-talet, vart det gjort botaniske og ornitologiske undersøkingar og utarbeidd ein skjøtelsesplan, men i seinare tid har det ikkje vorte gjennomført mange undersøkingar av Storamyrlaturreservatet. Kunnskapen om andre artsgrupper, som til dømes virvellause dyr, er nesten fråverande. Denne planen viser tydeleg behov for at det vert utført nye undersøkingar.

§ 9. Føre-var-prinsippet

Prinsippet skal nyttast i tilfelle kor det kan vera tvil om følgjene for miljøet og verneverdiane .

Planen føreslår fleire skjøtselstiltak som vil påverka naturmiljøet. Fylkesmannen meiner at ein har tilstrekkeleg oversikt over verdiane i området slik at ein er rimeleg trygg på at tiltaka vil ha positiv verknad på verneverdiane, og er i samsvar med bevaringsmåla.

§ 10. Økosystemtilnærming og samla belastning

Påverknad av eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er, eller vil bli utsett for.

Dei føreslåtte tiltaka i denne planen vil samla sett påverka økosystemet positivt i høve til verneformålet. Dei planlagde tiltaka vil også gjera reservatet meir robust mot påverkingar utanfrå.

§ 11. Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshavar

Tiltakshavar skal dekkja kostnadene ved å hindra eller avgrensa skade på naturmangfaldet som tiltaket valdar, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter.

Einkvar tiltakshavar er ansvarleg for eventuelle miljøforverringar ved eit konkret tiltak.

§ 12. Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder

For å unngå eller avgrensa skade på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikk og lokalisering, som ut frå ei samla vurdering, gir dei beste samfunnsmessige resultata.

Skjøtsel eller næringsbruk i reservatet skal ikkje skada verneverdiar. Hekketida (april-juni) krev særskilt omsyn. Då skal ein difor unngå arbeid og forstyrning i reservatet. Dette gjeld også beitedyr.

3.2 Forvaltninga sine utfordringar

Det er fleire utfordringar knytt til forvaltninga av reservatet:

- 1) Naturreservatet skal generelt få utvikla seg mest mogleg naturleg utan skadeleg påverknad av noko slag. Dette er særleg ufordrande når området kring er så sterkt kulturpåverka med jordbruk, veg og tett busetnad.

I tillegg må ein også oppretthalda eit tradisjonelt kulturmarksprega verneområde for å ta vare på ein variert naturtype og eit rikt artsmangfald. Her ligg det store utfordringar i et landbruket som vert stadig meir intensivt. Kulturmarkspreget ligg i at areala med kystlynghei og store delar av myrflata må bevarast som beiteareal, og dermed haldast opne gjennom målretta beite.

Utfordringa er å få til ei slik differensiert forvaltning med både naturleg utvikling og tradisjonelt beite.

- 2) Å få til målretta bruk av aktuelle skjøtselsmiddel i nært samarbeid med grunneigarane. Det finst eigna tilskotsordningar gjennom landbruket som få bønder kjenner til (SMIL og RMP). Det er viktig at forvaltningsapparatet oppsøker bøndene som grensar til verneområdet og informerer desse, samt aktivt kjem med konkrete forslag.
- 3) Det er eit stort behov for å betra kunnskapsgrunnlaget om naturverdiar og brukstradisjonar. Dette er eit avgjerande grunnlag for overvaking og eventuell revisjon av bevaringsmål og tiltak.

3.3 Soneinndeling og bevaringsmål for Storamyrlaturreservat

Storamyrlaturreservat vert handsama som to forvaltningssoner, A: open myrflate med kystlynghei i tørrare parti og B: lauvskog (sjå figur 3.1 og tabell 3.1-3.2). Sonene er ikkje strengt avgrensa i høve til kvarandre, men dannar ein mosaikk i store delar. Skogen kryp innover i myra både der det er lynghei og der det har vore og er fuktigare. I tillegg vekslar den open myrflata med kystlynghei i høve til fuktforholda. Det viktigaste bevaringsmålet må vera å oppretthalda eit ope, fuktig sump- og myrområde med lynghei, der dette er naturleg (sone A). Det er også viktig å ta vare på den sumpprega skogen i nord og vest slik at ein bevarer gode hekkeforhold for sporvefuglane som har gode førekomstar (sone B). Ein må vera spesielt merksame på kantsona mellom skog, kystlynghei og myr/våtmark, både fordi desse er spesielt artsrike, og for å overvaka til dømes gjengroinga. Skogen (sone B fig. 3.1) må likevel ikkje breia seg for mykje utover, då dette vil kunna øydeleggja fuktområda med lynghei, sump- og myrvegetasjon som er viktige for våtmarksfuglane. Samstundes skjermar skogen myra frå forstyrning utanfrå. Utover dette bør skogen ha ei naturleg utvikling innanfor sonegrensa.

Så langt som mogleg skal sonene vera einsarta økologiske funksjonsområde laga på bakgrunn av vegetasjonskartlegging og fuglane sin bruk av verneområdet. Til kvar sone er det sett opp bevaringsmål (tabell 3.1-3.2). Bevaringsmåla skal fastsetja kva tilstand ein ønskjer for verneområdet som økosystem og for dei einskilde naturverdiane. Måla skal vera så konkrete som mogleg og vera etterprøvbare.

Tabell 3.1 og 3.2 gir meir detaljert greie for dei to sonene, forvaltninga i dei og bevaringsmål knytt til desse. Nedanfor er det først gjort greie for dei ulike forvaltningsomgrepa som vert nytta.

Nokre forvaltningsord:

Tilstand: Omtalar den faktiske *tilstanden* til naturverdiane som god, moderat, dårleg, eller usikker.

- *God:* Ein veit sikkert at tilstanden oppfyller krava i bevaringsmålet (god eller svært god tilstand)
- *Dårleg:* Ein veit sikkert at tilstanden ikkje oppfyller krava i bevaringsmålet (tilstanden kan då vera moderat, dårleg eller svært dårleg).
- *Usikker:* På grunn av manglande data og annan kunnskap om referanseverdiar, veit ein ikkje om bevaringsmålet er nådd.

Trend: Omtalar *endring i naturtilstand* over tid som *betra*, *uendra* eller *forverra* i høve til tidlegare referanseverdi.

Bevaringsmål: Naturkvalitetane i eit verneområde skal ha eit definert bevaringsmål som seier kva for tilstand som er ønskt i verneområdet.


Tilstandsindikator: Målbar eining for å overvaka ein tilstand.

Referanseverdi: Den konkrete målte verdien for ein tilstandsindikator ved eit gitt tidspunkt.

Prioriterte artar: Artar som kan knytast til bevaringsmål (jf. naturmangfaldloven §23 og § 24). Tre kategoriar:

- *Raudlisteartar*, artar som står i den norske Raudlista og er definert som trua
- *Norske ansvarsartar* – artar kor ein stor del av bestanden er i Noreg
- *Konvensjonsartar* – artar Noreg har plikta seg til å ta vare på internasjonalt

Diagnostiske artar: Artar som vert brukte til å vurdere tilstanden til ein naturtype. Kvar naturtype må ha eigne artslistar med diagnostiske artar.



Figur 3.1. Ortofoto med forvaltningssoner teikna inn. A: Åpen myrflate med kystlynghei og B: Lauvskog. Forvaltningssonene følgjer vernegrensa langs kanten av reservatet.



Figur 3.2: Open myrflate med innslag av kystlynghei i framkant og i bakkant. Juli 2012. Foto: © Torborg Berge



Figur 3.3: Eit av partia med kystlynghei iden opne myra. Kystlyngheia har grodd mykje igjen med einer, og må ryddast for å verta open igjen. Juli 2012. Foto: © Torborg Berge

Tabell 3.1: Tabellen omtalar sone A.

SONE A – OPEN MYRFLATE MED KYSTLYNGHEI I TØRRARE PARTI	
Gnr./Bnr	3/1, 3/2, 3/3, 3/4, 3/6, 3/10, 3/12, 3/13, 3/16, 3/17, 3/18, 3/19, 3/21, 3/24, 3/824, 4/1 og 4/3
Omtale	Myrflata er variert med fuktige sumpområde med vasshol, takrøyrsump, gras- og stormyr samt mosemyr. Kystlynghei finst på tørrare område og som mosaikk i myra.
Tilstand, trend og utfordringar	<i>Tilstand:</i> Dårleg / moderat <i>Trend:</i> Forverra. Uttøring og gjengroing med takrøyr og bjørk i høve til vernetidspunkt. Også ein del oppslag av sitkagran ein del stader. <i>Utfordringar:</i> Gjengroing og lågt grunnvasspegel. Framande artar.
Særskilte verneverdiar: Vegetasjon	Storamyrtur er ei fattigmyr, men med stor variasjon av artar, noko som likevel viser vekslende næringsforhold. Myra representerer ein naturtype som var svært utbreidd på Jæren, men som har vorte sterkt redusert grunna intensivering i landbruket. Ho er variert med omsyn til natur- og vegetasjonstypar, som igjen gir stor variasjon i biotopar og leveområde for insekt og fuglar. Myra har ein viss storleik og er representativ for regionen, slik at ho kan vera eit godt referanseområde i høve til ein naturtype som har blitt sterkt redusert dei siste 100 år. Myra har samstundes stor pedagogisk verdi for skular, både i nærleiken og i regionen.
Fauna	Kystlynghei er ein raudlista naturtype som er i sterk reduksjon, men som var eit svært vanleg kulturmarkselement på Jæren i tidlige tider. Ho gir ein verdfull variasjon i habitat for fugle- og insektlivet. Mosaikken med open myr, fuktmark og kystlynghei er svært sjeldan på Låg-Jæren. Den opne myrflata, med små dammar med vasspegl, er eit viktig kvile- og fødesøksområde for trekkande våtmarksfugl. Lauvskogen husar mange hekkande sporvefuglar. Rikt insektliv.
Kulturminne	Ingen kjende
Brukstradisjonar	Torvuttak
Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none"> - Ta vare på området sin internasjonale verdi som fuglebiotop og oppfylla krav til Ramsar-område. - Ta vare på varierte leveområde for eit rikt plante- og insektliv. - Vera eit viktig hekke-, beite- og rasteområde for vadarar, rikser, samt sporvefuglar knytt til våtmark. - Vassrikse har vore observert årleg, det er eit mål at ein fortsett skal kunna det. - Grunnvasstanden skal vera høg nok til å oppretthalda ei open myrflate med nokre små vasshol. - Oppretthalda eit mest mogleg ugjødsla preg i reservatet. - Myra skal ha eit mosaisk preg med god førekomst av kystlynghei med røsslyng, klokkelyng, krekling.
Skjøtsel Restaurering Kontinuerlig skjøtsel	<ul style="list-style-type: none"> - Minska næringsavrenninga frå landbruket - Fjerna alle oppslag av bjørk o.a. lauvtre i heile sona. - Fjerna det all einer på myra, og det meste av eineren i kystlyngheia. - Fjerna all gran frå reservatet, opna kantsona ut mot ikkje-verna område. - Fjerna tistel og anna invaderande ugras frå reservatet, slik at desse ikkje spreier seg til resten av reservatet, eller fungerer som ein frøbank for landbruksjorda rundt reservatet. - Vurdera å utvida beiteareala, balansera beitetrykk. Unngå storfebeite.
Brukarinteresser grunneigar/rettshavar	Beite
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser	Turområde, fuglekikking Pedagogiske interesser
Anna t.d. oppsyn, overvaking, forskning	Ramsar-status tilseier at fugle- og planteliv i heile reservatet bør overvakast. Ideelt sett bør ein kontrollera utbreiing av lauvtre, einer og takrøyr på flyfoto minst kvart 8. år, telja fugl 2 gonger i året, gjennomføra hekkefugltaksering, og undersøka insektfaunaen. Overvakinga skal følgja nasjonale standardar som er under utarbeiding, jf. kap 3.4.



Figur 3.4: Eldre lauvskog med sumppreg. Oktober 2012. Foto: © Torborg Berge

Tabell 3.2: Tabellen omtalar sone B.

SONE B – LAUVSKOG	
Gnr./Bnr	3/1, 3/2, 3/3, 3/4,3/10, 3/12, 3/13, 3/16, 3/17, 3/18, 3/19, 3/20, 3/21, 3/22, 3/24 og 3/260
Omtale	Lauvskogen i nord og vest breier seg utover i myra og kystlyngheia.
Tilstand, trend og utfordringar	<i>Tilstand:</i> Usikker, mangelfull kunnskap om referanseverdiar med omsyn til utbreiing og alder, trestruktur, av skogen. <i>Trend:</i> Aukande, både i utbreiing og tettleik. Skogen vert også eldre. <i>Utfordringar:</i> Gjengroing grunna lågare grunnvassnivå
Særskilte verneverdiar:	
Vegetasjon	Lauvskogen dannar ei god kantsone mot jordbruksområda med tanke på forstyring og næringsavrenning. Lauvskogen er eit viktig hekkehabitat for sporvefuglar.
Fauna	Rikt fugleliv
Kulturminne	Ingen kjente
Brukstradisjonar	Torvuttak, antatt trehogst
Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none"> - Ta vare på området sin internasjonale verdi som fuglebiotop og oppfylla krav som Ramsar-område. - Ta vare på variert leveområde for eit rikt plante- og insektliv. - Skogen skal vera eit viktig hekkeområde for sporvefuglar. - Ta vare på sumpskogen i nord mest mogleg uforstyrta, her skal det vera naturleg suksesjon. - Fjerna framande artar i skogen – sitkagran og hagerømlingar som t.d. misplar og Ribes (solbær og rips).
Skjøtsel Restaurering Kontinuerlig skjøtsel	<ul style="list-style-type: none"> - Avgrensa lauvskogen mot myra der som grovare, eldre skog går over i pionerskog. Sonegrensa vil då gå mellom den eldre skogen, som vert bevart, og pionerskogen som vert hogd. Fjerna ungtre og pionerskog elles i sona. - Fjerna framande artar
Brukarinteresser grunneigar/rettshavar	Beite, vedhenting
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser	Turområde, fuglekikking og pedagogisk formål
Anna t.d. oppsyn, overvaking, forskning	Ramsar-status tilseier at ein bør overvaka fugle- og planteliv i heile reservatet. . Ideelt sett bør ein kontrollera utbreiing av lauvtre, einer og takrøyr på flyfoto minst kvart 8. år, telja fugl 2 gonger i året, gjennomføra hekkefugltaksering, og undersøka insektfaunaen. Overvakinga skal følgja nasjonale standardar som er under utarbeiding, jf. kap 3.4.

Tabell 3.3: Samla oversikt over tilstandsvariablar, bevaringsmål og metode som er valt ut for å sikra at verneformålet vert tatt vare på. Sjå også figur 3.1. og tabell 3.1. og 3.2.

Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Metode for overvaking	Referanseverdi
Naturtype			
Naturtypene skal ha tilsvarende arealutbreiing og funksjon som referanse	Oppretthalda naturtypen fattig kystmyr , med sumpområde i fuktige parti og kystlynghei i tørrare parti (118 daa), samt lauvskog (27 daa) i N og V, og som ei kantsone.	Arealutbreiing ved flyfoto og feltkontroll.	Arealutrekning og feltkontroll i tråd med innteikna soner i fig. 3.1. Naturtypar og vegetasjonsvurderingar 2012.
Vegetasjon og flora			
Vegetasjonen sin samansetning, jf. kap. 2.1.4.	Vegetasjonen skal avspegla eit variert og mosaisk våtmarksområde. Oppretthalda eit mest mogleg ugjødsla preg tett opptil reservatet. Alle registrerte vegetasjonstypar skal finnast. Diagnostiske typar: <ul style="list-style-type: none"> • Kystmyr, sump- og takrøyurvegetasjon • Kystlynghei, fukthei • Lauvskog, sumpskog 	Feltvurdering av vegetasjon i høve til vegetasjonskart kvart 6. år. Strukturert overvaking. Krev dekkande inventering første gong.	Jamfør omtale i kap. 2.1.4 og soneomtale i tabell 3.1-3.2.
Planteartar og tal på desse.	Oppretthalda levevilkår for stabile bestandar av naturleg tilhøyrande artar og vegetasjonstypar, og potensiale for naturleg tilpassa nye. Forslag til diagnostiske artar: <ul style="list-style-type: none"> • Takrøyr • Røsslyng • Klokkelyng • Istervier • Torvull • Gytjeblererot • Småpiggnopp • ... 	Vegetasjonsovervaking/ fastruteovervaking med registrering av raudlista o.a. diagnostiske artar kvart 6. år. Det må gjerast ny oppdatert registrering av plantar, og dei diagnostiske artane må då vurderast på nytt.	Jamfør omtale i kap. 2.1.4 og soneomtale i tabell 3.1-3.2.
Gjengroing	Storamyr skal stå fram som ei open myr med innslag av kystlynghei i tørrare parti, samt eit skogbelte med lauvskog/ sumpskog i nord og vest.	Flyfotosamanlikning kvart 6. år. Parallell feltkontroll.	Jamfør omtale i kap. 2.1.4 og soneomtale i tabell 3.1-3.2.
Zoologiske forhold			
Fugl	Oppfylla bevaringsmål spesifisert under kvar sone. Forslag til diagnostiske artar: <ul style="list-style-type: none"> • Grashoppesongar (VU) • Vassrikse (VU) • Sivsongar • Sivsporv • Enkeltbekkasin • Buskskvett • Lauvsongar 	Teljning av overvintrande våtmarksfugl kvart 2. år. Teljning av hekkefugl kvart 6. år. Constant Effort Site (CES)-overvaking. Det må gjerast ny, oppdatert teljning av fugl og diagnostiske artar må då vurderast på nytt.	Jamfør omtale i kap. 2.1.5 og soneomtale i tabell 3.1-3.2.
Virvellause dyr	Oppretthalda ein karakteristisk fauna. Det er pr. d.d. ikkje gjort slike undersøkingar.	Fangst med lysfelle kvart 6. år.	Jamfør omtale i kap. 2.1.5 og soneomtale i tabell 3.1-3.2.
Framande artar			
Artar med høg risiko	Førekost av framande artar med høg risiko skal vera fråverande.	Feltundersøking kvart 6. år i samband med vegetasjonsundersøking.	Jamfør omtale i kap. 2.1.6.
Påverknad			
Grunnvassnivå	Grunnvassnivået skal vera så høgt at det opprettheld open myr- og sumpvegetasjon.	Oppsyn i felt årleg.	Grunnvassnivået skal tilsvare 1978-nivå, før oppreinsking i utløpskanalen.
Uønska inngrep	Det skal ikkje innanfor, eller tett opptil reservatet, vera deponeringar, inngrep eller liggja søppel.	Oppsyn i felt årleg.	Tilstand som på vernetidspunkt.



Figur 3.5: Enkeltbekkasin er ein diagnostisk art for den opne myrflata. Foto: Rune S. Karlsen

3.4 Overvaking

For å følgja med på tilstanden og verdiane i reservatet over tid, er det viktig at reservatet vert følgd opp med jamleg overvaking (tabell 3.3). I desse dagar utviklar Direktoratet for naturforvaltning ein felles standard for ”målstyrt overvaking”. Dette er nasjonale malar som skal setja praktiske rammer for korleis overvakinga skal gjennomførast, og sikra tilnærma lik overvaking av alle verneområde. Standarden er viktig, både for å sikra at overvakingane held vitskapleg kvalitet, og for at dei skal kunna gi oss eit regionalt, nasjonalt og internasjonalt samanlikningsgrunnlag. Standarden skal også vera i tråd med krav for overvaking av Ramsar-område, og han skal ha spesiell fokus på tilstand og trendar. Når malen er på plass, skal overvakinga av Storamyr tilpassast denne.

Overvakinga av Storamyr skal følgja desse nasjonale overvakingsmalane. Overvakinga skal fanga opp endringar i verneverdiane i naturreservatet, både positive og negative. Forvaltninga har valt ut eit sett med tilstandsindikatorar for å vurdera bevaringsmåla i området (sjå blå boks på s. 24 for forklaring).

- Naturtypar
- Vegetasjon og flora (endra vegetasjonsbilete, fastruter og artsmangfald)
- Gjengroing, forhold mellom open myrflata (sumpvegetasjon, ope vasspegel) kystlynghei og lauvskog
- Våtmarksfugl (hekkande, trekkande og overvintrande)
- Sporvefugl (hekkande)
- Insekt og amfibium
- Ytre påverknad

På neste side viser tabell 3.4 eit samla program for overvaking av reservatet.

Tabell 3.4: Samla overvåkingsprogram med ansvarsfordeling og prioritering.

Tema	Metode	Hyppigheit	Ansvar	Prioritering
Gjengroing	Vurdera endringar på flyfoto	Kvart 6. år	FM	1
Grunnvassnivå	Sjekka utløpet med omsyn til om terskel fungerer skikkeleg, eller om ulovleg senking går føre seg.	Årleg	SNO	1
Uønska inngrep		Årleg	SNO	1
Naturtypar, vegetasjon og flora	Vegetasjonsanalyse/fastruteanalyse Registrering av raudlista o.a. diagnostiske artar, samt av framande artar.	Kvart 6. år	SNO eller anna kvalifisert personell	2
Hekkefugl	Registrering av hekkefugl	Kvart 2. år	SNO eller frivillig organisasjon (NOF)	2
Trekk og overvintrande vassfugl	Totalteljing av fugl på standard måte	Kvart 2. år	SNO eller frivillig organisasjon (NOF)	2
Insekt	Lysfelle (nattsommarfugl)	Kvart 6. år	Kvalifisert personell	3
Ferdsl og friluftsliv	Søka å avdekka om aktivitet som påverkar dyrelivet og vegetasjonen i området, spesielt dei trua og sårbare artane.	Kvart 2. år	SNO	3



Figur 3.6: Statens naturoppsyn sjekkar utløpet av Storamyrt. Oktober 2012. Foto: © Torborg Berge



3.5 Oppsyn

Statens naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i reservatet. I dette ligg ansvaret for å sjå til at vernereglane vert respekterte, men også informasjon og rettleiing av grunneigarar og andre brukarar av området. Vidare vil SNO kunna ta på seg ansvaret for skjøtsel og andre praktiske forvaltningstiltak i reservatet. Elles har SNO jamleg kontroll av grensemerke. SNO utfører også naturregistreringar og overvaker endringar i området.

3.6 Forslag til tiltak med tilskotsordningar

Det finst fleire aktuelle tilskotsordningar gjennom frivillige tiltak i landbruket, i tillegg til det årlege forvaltningsbudsjettet som fylkesmannen kan bidra med. Nedanfor er det to tabellar summerer opp anbefalingane til Fylkesmannen (tabell 4.1 og 4.2).

Tabell 3.5: Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) som er aktuelt i og rundt reservatet.

Type SMIL-tiltak	Omtale	Aktuelle eigedommar
Ryddagammalt skrot i reservatet	Bilvrak og jernskrot nord i reservatet	3/1, 3/16, 3/17, 3/18, 3/21 og 3/24
Fjerne framande artar	Sitkarekke aust for reservatet, samt spreidde tre inne i reservatet	Tilnærma alle

Tabell 3.6: Regionalt miljøprogram (RMP) som er aktuelt i og omkring reservatet.

Type tilskot	Omtale	Aktuelle eigedommar
Tilskot til beiting i fuglerike biotopar	Forsiktig beiting etter godkjent plan på fastsette areal. Det skal ikkje gjødselast eller tilleggsforast.	3/16, 3/20, 3/24, 4/1, 4/3 (3/1, 3/2, 3/4, 3/6, 3/10, 3/12, 3/13)
Tilskot til beiting i verna område	Beiting i område verna etter naturmangfaldloven. Det må utarbeidast godkjent skjøtselsplan på fastsette areal. Det skal ikkje gjødselast eller tilleggsforast.	4/1 (3/1, 3/2, 3/4, 3/6, 3/10, 3/12, 3/13)



Figur 3.7: Utsikt over beitemarka aust i reservatet. Ho er aktuell for RMP-tilskot under ordninga Beiting i fuglerike biotopar. Foto: © Torborg Berge

4 PRAKTISERING AV VERNEFORSKRIFTA

Forvaltninga av Storamyrr skal styrast av verneforskrifta og leggja verneformålet (verneforskrifta kap. III), til grunn i alle saker, på kort og lang sikt. Utarbeiding av forvaltningsplan er heimla i kap. VII i vernereglane (Sjå vedlegg 1).

Formålet med forvaltningsplanen er å utdjupa og klargjera korleis forvaltningsstyresmakta praktiserer verneforskrifta, samt å oppretthalda og fremja verneformålet, med minst mogleg ulemper for brukarinteressene.

Verneforskrifta er eit juridisk dokument som sett rammer for bruk av området. Forskrifta er bygd opp systematisk med forbod, unntak frå forbod og høve for dispensasjon etter søknad. Då den nye naturmangfaldloven kom i 2009, vart dispensasjonskapittelet (Kap. VIII) bytta ut med § 48 i den nye loven.

Kort fortalt er verneforskrifta bygd opp på følgjande vis:

- Kap. I og II er innleiande reglar
- Kap III seier kva som er verneformålet
- Kap. IV seier kva som er ikkje er lov (forbod)
- Kap. V seier kva ein normalt kan gjera utan vidare (unntak frå forbodet)
- Kap. VI seier kva ein kan gjera etter løyve frå forvaltningsstyresmakta (dispensasjon)

4.1 Sakshandsaming - Verneforskrifta og naturmangfaldloven

Fylkesmannen tek sikte på å ha ein god dialog, gjerne med enkel kontakt i forkant av søknaden. Når det ligg føre ein konkret søknad vil Fylkesmannen handtera denne så raskt som råd, og i samsvar med forvaltningsloven, gjerne også med synfaring på staden.

Verneforskrifta set strenge forbodsreglar mot moglege, skadelege tiltak i høve til verneformålet. Sjå klargjering av ulike brukstema og vernereglane nedanfor. Søknader som krev dispensasjon skal i første rekke handterast etter verneforskrifta for Storamyrr, eventuelt etter § 48 i naturmangfaldloven av 2009 (eigen dispensasjonsheimel). Når søknaden vert handsama, skal han også vurderast etter §§ 8-12 i naturmangfaldloven (sjå nedanfor). Søkar må gjera greie for det konkrete tiltaket, kva behov som ligg til grunn for dette, og kor tiltaket er planlagt i reservatet.

Dersom ein søknad vert avslått, kan søkar, eller andre med rettsleg klageinteresse, klaga på avslaget, jf. forvaltningsloven. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland, men stilast til Direktoratet for naturforvaltning, som skal handsama klagen og fatta eit endeleg vedtak.

Dispensasjon

Den generelle dispensasjonsregelen i verneforskrifta (jf. § kap. VIII) er frå 1. juli 2009 erstatta av naturmangfaldloven § 48. (*dispensasjon fra vernevedtak*) *Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

Følgjande to vilkår må vera oppfylte for å kunna gi dispensasjon:

- Tiltaket kan ikkje påverka verneverdiene nemneverdig.
- Tiltaket må ikkje strida mot formålet i vernevedtaket.

Vurdering av søknader etter naturmangfaldloven

Naturmangfaldloven § 7 seier at miljørettsprinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Rettsprinsippa skal altså leggjast til grunn for sakshandsaming og vedtak etter verneforskrifta, og ved vurdering av aktuelle praktiske forvaltningstiltak i naturreservatet. Sakshandsaminga skal visa korleis desse prinsippa er vektlagt i vurdering av saker:

§8 Kunnskapsgrunnlaget

§9 Føre-var-prinsippet

§10 Økosystemtilnærming og samla belastning

§11 Kostnadsdekking ved miljøforverring

§12 Miljøforsvarlege teknikkar

Eitt og same tiltak kan vera regulert over fleire avsnitt i forskrifta. Difor er det viktig å lesa verneforskrifta i samanheng.

Nedanfor følgjer gjennomgang og drøfting av dei viktigaste brukstema opp mot verneforskrifta, slik desse også er drøfta i samband med grunneigarar på synfaringar. Der det høver er det også vist til rettsprinsippa i §§ 8-12.

Der det er manglande kunnskap om følgjene av vedtaket, skal føre-var-prinsippet (§ 9) vektast ved til kunnskapen er betre. I tillegg er arealet såpass avgrensa at alle konkrete tiltak må vurderast nøye i høve til korte- og langsiktige effektar på økosystemet (jf. verneføremål og NML § 10).

Forslaga til tiltak i forvaltningsplanen er nøye vurderte, og Fylkesmannen kan ikkje sjå noko som skal tilseia at dei kan få negative følgjer for verneverdiane. Opprydding av skrot og søppel, redusert næringstilførsel, moderat beitebruk vil ha positive verknader på artsmangfald og variasjonen i området. Dei føreslåtte tiltaka vil samla sett påverka økosystemet positivt.

Handheving og sanksjonar etter naturmangfaldloven

Naturmangfaldloven kap. IX § 69 seier at ansvarleg styresmakt etter loven kan pålegga den ansvarlege å retta eller stansa tilhøve som er i strid med loven, eller vedtak heimla i loven. Det er ei plikt til å førebyggja, utbetra og retta opp. Dette gjeld også for uforutsette miljøkonsekvensar av lovleg verksemd, jf. § 70. Der kor krav etter § 69 eller § 70 ikkje vert etterkomne, kan ansvarleg styresmakt setja i verk tiltaka (jf. § 71). Utgifter til desse tiltaka kan krevjast dekte av den ansvarlege.

Ansvarleg styresmakt kan vidare fatta vedtak om tvangsmulkt for å sikra at naturmangfaldloven og vedtak gjort etter denne vert gjennomførte, jf. § 73. Den som bryt loven, vedtak etter loven, eller vedtak som tener til å gjennomføra mål og prinsipp i loven, skal etter pålegg frå ansvarleg styresmakt betala miljøerstatning til staten, jf. § 74. Forsettlege, eller uaktsame lovbrøt kan gje straff i form av bøter, eller fengsel på inntil eitt år. Ved grove lovbrøt kan ein risikera fengsel i inntil tre år, jf. § 75.

Rundskrivet *DN nov.2001 (rev. 2010) Forvaltning av verneforskrifter* gir konkrete føringar for tolkning av verneforskrifta, og skal leggast til grunn for vurdering av søknader om dispensasjonar.

4.2 Verneformål

I verneforskrifta heiter det:

Kap. III: Formålet med fredningen er å bevare en typisk flatmyr med variert vegetasjon, og samtidig bevare en viktig fuglebiotop.

Kommentar:

Verneformålet set ramma for korleis området skal forvaltast. All verksemd i området skal vera i tråd med verneformålet, og forvaltninga skal leggja verneformålet i kap. III til grunn i alle saker og vurderer dei etter § 8- § 12 i naturmangfaldloven.

4.3 Landbruk

4.3.1 Beiting

I verneforskrifta heiter det:

Kap. IV pkt. 1: Vegetasjon, herunder døde busker og trær, er fredet mot skade og ødeleggelse...

Kap. V pkt. 3: Bestemmelsene i kap. IV er ikke til hinder for tradisjonell beiting og kultiveringstiltak i samband med dette i henhold til godkjent skjøtselsplan.

Kommentar:

Tradisjonelt beite kan etter verneforskrifta halda fram som tidlegare. Myr er i utgangspunktet sårbar for beiting, men for å unngå at myra gror til og blir fastmark, er det i dette tilfellet formålsteneleg å halda fram med beiting. I samsvar med bevaringsmåla, ønskjer difor forvaltningsstyresmakta at beitinga held fram, målretta på aktuelle areal. Beiting held areala opne og fremjar kulturmarksartar. Det er viktig at dyretal og perioden for beiting vert vurdert og overvaka nøye, slik at ein unngår overbeiting. Kunnskapsgrunnlaget (jf. § 8 i naturmangfaldloven) er etter måten svakt. Beitetrykk- og periode bør difor ta omsyn til moglege uheldige følgjer og justerast i tråd med erfaringar, jf. § 9 i naturmangfaldloven. Av omsyn til hekkande fugl bør det ikkje vera dyr på myrflata i tida 1. april til 15. juni. Eit høgt beitetrykk kan gi tråkkadar på den slitasjesvake myrbiotopen og reir som ligg på bakken. Areala som skal beitast må ikkje tilførast tilleggsfôr eller gjødsel.

For spesielle tilskotsordningar rundt dette, sjå kap. 4.9 Skjøtsel og vedlikehald.

4.3.2 Gjødsling og tilsvarende tiltak

I verneforskrifta heiter det:

Kap. IV pkt. 1: Vegetasjon, herunder døde busker og trær, er fredet mot skade og ødeleggelse...

Kap. IV pkt. 3: Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre de naturgitte forhold, som for eksempel (...) gjødsling og bruk av kjemiske bekjempningsmidler.

Kommentar:

Det er eit generelt forbod mot gjødsling og bruk av kjemiske sprøytemiddel i reservatet. Difor må beitedyr som går i reservatet heller ikkje tilleggsfôrast.

4.3.3 Grøfting, drenering, og vedlikehald av grøfter, kanalar, brønn, og liknande

I verneforskrifta heiter det:

Kap. IV pkt. 1: Vegetasjon, herunder døde busker og trær, er fredet mot skade og ødeleggelse...

Kap. IV pkt. 3: Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre de naturgitte forhold, som for eksempel (...) jordkabler og kloakkledninger, bygging av veier, drenering og annen form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk og andre konsentrerte forurensingstilførsler (...) Opplistingen er ikke fullstendig.

Kommentar:

All drenering og tørrlegging i verneområdet strir mot verneformålet, og det er eit generelt forbod mot grøfting, drenering, uttak og tørrlegging, etc. i reservatet. Forvaltningsstyresmakta vil ha ei streng handheving av forbodet.

Det er ikkje eigen dispensasjonsheimel i forskrifta til aktuelle tiltak. Ved eventuelle søknadar, må desse handsamast etter § 48 i naturmangfaldloven.

4.3.4 Hogst av tre/ skog

I verneforskrifta heiter det:

Kap. IV pkt. 1: Vegetasjon, herunder døde busker og trær, er fredet mot skade og ødeleggelse...

Det er forbudt å fjerne planter eller plantedeler fra reservatet.

Nye plantearter må ikke innføres.

Kap. VI pkt. 2: Forvaltningsmyndigheten kan gi tillatelse til (...) skoghygieniske tiltak i randsonen rundt myra og på fastmarksøyer i myra.

Kap. VII: Forvaltningsmyndigheten, eller den forvaltningsmyndigheten bestemmer, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredningsformålet. Det kan utarbeides skjøtelsesplan, som skal inneholde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltakene.

Kommentar:

Omgrep som ”skogshygieniske tiltak” har bakgrunn i at forskrifta er gammal og lite oppdatert i høve til nyare malar. Fylkesmannen legg til grunn at me skal ta vare på dei naturtypene som er naturlege på myra og i reservatet, så som skog, (jf. tab. 3.3.). Fylkesmannen viser til bevaringsmål for sone B, med naturleg skogsutvikling utan aktiv påverknad. Det vil seia at framande artar skal fjernast, medan daude tre skal få stå. Det kan ikkje påreknast dispensasjon til hogst i denne sona. Fylkesmannen vil derimot opna for fritt uttak av sitkagran, misplar og andre framande plantearter i tabell 2.2 som viktige skjøtselstiltak, etter samråd med Fylkesmannen, jf. kap. VII i verneforskrifta og § 47 i naturmangfaldloven. På areal med open myr/kystlynghei som bevaringsmål, vil slik dispensasjon kunna påreknast.

Skogrydding under kraftlinjer og liknande vert ikkje omfatta av kapittel VI i verneforskrifta. Slik hogst krev dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldloven, og denne må innhentast av forvaltningstysmakta i forkant av hogsten. Ved ein eventuell dispensasjon må hogsten følgja nasjonale retningslinjer for dette, jf. § 12 i naturmangfaldloven.

Ved dispensasjon vil Fylkesmannen vurderer å setja vilkår om at all hogst må gjerast utanom hekketida og då helst vinterstid. I utgangspunktet bør alle tre, buskar, stammar, greiner, kvistar, etc. som vert felte, fraktast ut av reservatet.

4.3.5 Bygningar, anlegg og faste innretningar, osv

I verneforskrifta heiter det:

Kap. IV pkt. 3: For reservatet gjelder følgende bestemmelser:(...) Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre de naturgitte forhold, som for eksempel (...) oppføring av bygninger, anlegg og faste innretninger, framføring av luftledninger, jordledninger og kloakkledninger, bygging av veier (...). Opplistingen er ikke uttømmende.

Kommentar:

Eit gjerde går gjennom verneområdet frå sørvest til nordaust. I nord går også ein kraftlinje over reservatet. Forvaltningsstyresmakta vil ha ei streng vurdering av nye søknader om bygging av anlegg og bygningar.

Oppsetting av beitegjerde vil kunna vera formålsteneleg for verneformålet, det vil seia for å oppretthalda naudsynt beite for kulturmarkstypar, og for å halda areal opne. Om naudsynt vil nygjerding måtta handsamast som dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldloven. Gjerde for beitedyr vil difor normalt verta tillate ved omsøkt behov.

4.3.6 Inngrep og forsøpling

I verneforskrifta heiter det:

Kap. IV pkt. 3: For reservatet gjelder følgende bestemmelser: (...): Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre de naturgitte forhold, som for eksempel (...) framføring av nye luftledninger, jordkabler og kloakkledninger, bygging av vegar, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forurensningstilførsler, henleggelse av avfall (...). Opplistingen er ikke uttømmende.

Kommentar:

Alle typar inngrep, deponering og utfylling i reservatet er forbode, og forvaltningsstyresmakta vil ha ei streng handheving av dette. Eventuelle dispensasjonar kan vurderast etter § 48 i naturmangfaldloven.

Fylkesmannen kan påleggja tiltakshavar å fjerna kartlagt søppel av nyare dato for eigen kostnad, jf. §§ 11 og 69 i naturmangfaldloven. Skrot av eldre dato bør fjernast, gjerne i samarbeid med Fylkesmannen.

4.4 Jakt

I verneforskrifta heiter det:

Kap. IV pkt 2: Fuglelivet, herunder fuglenes reir og egg, er fredet mot enhver form for skade, ødeleggelse og unødige forstyrrelser. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen, samt slipp av hund er forbudt.

Kommentar:

All jakt og fangst er forbode i reservatet. Utanfor verneområdet kan det jaktast i tråd med viltloven, men det er ikkje lov å skyta inn over vernegrensa.

4.5 Friluftsliv og undervisning i reservatet

I verneforskrifta heiter det:

Kap. IV: For reservatet gjelder følgende bestemmelser:

Pkt. 2: Fuglelivet, herunder fuglenes reir og egg, er fredet mot enhver form for skade, ødeleggelse og unødige forstyrrelser. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen, samt slipp av hund er forbudt.

Pkt: 5. Camping, teltslagning og oppsetting av kamuflasjeinnretninger for fotografering er forbudt.

Kommentar:

Verneforskrifta legg ikkje restriksjonar på vanleg ferdsel i reservatet. Det er difor fri ferdsel til fots etter friluftsløven. Ein har ikkje lov til å skada plantar eller dyr og fuglar, forstyrre husdyr eller fugle- og dyreliv. Vidare kan ein ikkje gå over dyrka mark eller gjødsla beite, unntatt når bakken er frosen eller snødekt (jf. friluftsløven).

Reservatet er svært lite, og toler lite ferdsel før verneverdiane vert svekka. Dette gjeld også ferdsel somme stader utanfor vernegrensa. Fuglelivet på Storamyrr vil lett verta forstyrra av ferdsel, og ei eventuell tilrettelegging av ferdsel og anna friluftsliv må vurderast nøye, jf. § 9 i naturmangfaldloven. Gitt dei store og sjeldne fugleverdiane, samt landbruksinteressene, vil ikkje Fylkesmannen leggja til rette for auka friluftsliv.

Reglar om bandtvang vil handhevast strengt heile året.

All bruk av modellfly vert betrakta som unødig forstyrring, og er difor forbode i reservatet.

4.6 Formidling av verneverdiane

Verneområdet er lite og svært sårbart for unødig ferdsel og forstyrning, og der går beitedyr som kan verta forstyrra. Fylkesmannen ønskjer difor ikkje å kanalisera ferdsel til reservatet. Det kan likevel vera aktuelt å setja opp ei informasjonstavle i nærleiken, jamfør omfattande busetnad i nærområdet. Fylkesmannen vil også vera open for samarbeid med nærliggande skular. Elles inngår reservatet i oppbygginga av ein eigen databaseportal, nettsider og utstillingar gjennom autorisert Jæren Våtmarkssenter (førebels nettsider: <http://www.friluftsfyret-kvassheim.no/> og <http://mostun.no/>). Fylkesmannen i Rogaland har også produsert ei informasjonsbrosjyre om Jæren våtmarkssystem.

4.7 Avløp

I verneforskrifta heiter det:

Kap. IV pkt. 3: Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre de naturgitte forhold, som for eksempel (...) ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forurensningstilførsler (...). Opplistingen er ikke uttømmende.

Kommentar:

Storamyrr er i rask gjengroing, og tilføring av ekstra næring vil kunna framskunda denne prosessen. Difor vil alle søknadar om nye avløp bli vurdert strengt etter § 48 i naturmangfaldloven. Førre-var prinsippet og den samla belastninga økosystemet er, eller vil verta utsett for, vil vera viktige vurderingar her (jf. § 9 og § 10 i naturmangfaldloven). Ingen vil få dispensasjon til å føra ny kloakk eller anna forureining ut i reservatet.

4.8 Motorferdsel

I verneforskrifta heiter det:

Kap. IV pkt. 1: Vegetasjon, herunder døde busker og trær, er fredet mot skade og ødeleggelse...

Kap. IV pkt. 4: Motorisert ferdsel er forbudt.

Kap. V pkt. 1: Bestemmelsene i kap. IV er ikke til hinder for: Gjennomføring av militær operativ virksomhet og tiltak i ambulans-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsøyemed.

Kommentar:

Motorferdsel er forbode, og det er ikkje spesiell dispensasjonsheimel i verneforskrifta. Ved eit eventuelt strengt naudsynt behov, vil dette kunna vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 i naturmangfaldloven. Motorisert ferdsle vil likevel kunna vera aktuelt i samband med til dømes skjøtsel og andre naudsynte forvaltningstiltak og skjøtselstiltak i tråd med godkjent forvaltningsplan, jf. kap 4.9. Utover dette vil forbodet mot motorisert ferdsle bli handsama strengt.

4.9 Skjøtsel og vedlikehald

I verneforskrifta heiter det:

Kap. VII: Forvaltningsmyndigheten, eller den forvaltningsmyndigheten bestemmer, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredningsformålet. Det kan utarbeides skjøtselsplan, som skal inneholde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltakene.

I naturmangfaldloven heiter det:

§ 47. (skjøtsel av verneområder)

I verneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak. Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak.

Som skjøtsel kan foretas tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep (...).

Berører skjøtselstiltak privat eiendom eller rettigheter i verneområdet, skal eieren eller rettighetshaveren så vidt mulig varsles på forhånd.

Økonomiske fordeler ved gjennomføring av skjøtselstiltak tilfaller grunneieren eller rettighetshaveren.

Utkast til plan for skjøtsel av verneområdet skal om mulig legges frem samtidig med at verneforskriften blir fastsatt.

Kommentar:

Skjøtsel er praktiske tiltak for å ta vare på, eller fremja verneformål i eit verneområde. Kap. VII i verneforskrifta og § 47 i naturmangfaldloven opnar for skjøtsel om det er i samsvar med verneformål og i samråd med forvaltningsstyresmakta (Fylkesmannen). Dette kan til dømes vera fjerning av tre, eller beiting gjennom vanleg landbruk. Større og tyngre tiltak kan også vera aktuelle. Slike tiltak kan vera å rydda skog, eller å heva grunnvatnet i myra, men slike tiltak skal utgreiast nøye av forvaltninga. Tiltak kan finansierast gjennom statlege tiltaksmiddel for verneområde og gjennom spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL). Ofte vil det vera aktuelt med ei delfinansiering.

For Storamyrlatur er dei viktigaste tiltaka å fjerna skog, kratt og einer på myrflata og i kystlyngheia, samt å fjerna framande artar som sitkagran og mispel (Contoneaster sp.) i heile reservatet. Det er også viktig å redusera landbruksavrenninga inn i reservatet, samstundes som ein opprettheld eit visst beitetrykk på delar av reservatet. Fylkesmannen ønskjer eit balansert beite som ikkje truar fuglelivet i verneområdet. Dette vil ein stimulera til ved målretta bruk av Regionalt miljøprogram (RMP), og gå i dialog med brukaren om dyretal.

Fjerning av søppel og skrot vert ikkje rekna som skjøtsel, men vedlikehald. Likevel har dette mykje å seia for å utbetra inntrykket av verneverdiane. Rydding av søppel skal avtalast med grunneigar.

5 REFERANSAR

Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper – Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13 2. utgave 2006 (oppdatert 2007).

Fylkesmannen i Rogaland 1981. Utkast til verneplan for myrer i Rogaland fylke.

Fylkesmannen i Rogaland 2010. Tilskotsordningar i Regionalt miljøprogram 2010. Informasjonshefte og forskrift. Fylkesmannen i Rogaland Landbruksavdelinga.

Storhaug, R. 2011. Handlingsplan mot framande skadelege artar i Rogaland. Fylkesmannen i Rogaland Miljøvern avdelinga. Miljørapport nr. 3-2011.

Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper – Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13 2. utgave 2006 (oppdatert 2007).

Hauge 1981. Storamyrtur i Sola kommune Rogaland. Konsekvenser av vern og forslag til skjøtsel. Miljøvern departementet 1981.

Lindgaard, A. og Henriksen, S. (red.) 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

Mauritzen 1980. I brev til Sola kommune. Notat frå Fylkesmannen.

Mjølsnes, K. R. 2012. Notat om fuglelivet på Storamyrtur. Notat frå Mangfold – Kartlegging av artsmangfold.

Prøsch-Danielsen, L. 2006. Sea-level studies along the coast of southwestern Norway. With emphasis on three short-lived Holocene marine events. AmS-Skrifter 20: 1-94.

Puschmann, O. 2005. Nasjonalt referansesystem for landskap - beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner. NIJOS rapport 10/2005.

Roalkvam 1977. Fuglelivet på Storamyrtur. Rapport. I Hauge 1981.

Nettreferansar

Artsdatabanken (Artsportalen - med Raudlister, FremmedArtsBasen, Artskart):

<http://www.artsdatabanken.no>

Direktoratet for Naturforvaltning (Naturbase):

<http://www.dirnat.no/kart/naturbase/>

Lovdata (Forskrift om fredning for Storamyrtur):

<http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/lf/lf/lf-19861212-2293.html>

Lovdata (Naturmangfoldloven)

<http://www.lovdata.no/all/hl-20090619-100.html>

Meteorologisk institutt:

<http://www.met.no>

NGU bergrunnskart:

<http://www.ngu.no/kart/>

Ramsar nettsider:

<http://www.ramsar.org>

Sola kommune:

<http://www.sola.kommune.no/>

Temakart Rogaland:

<http://www.temakart-rogaland.no>

Vannportalen, region Rogaland. Jæren vannområde:

<http://www.vannportalen.no>

Personar som har vorte kontakta

Svein Imsland, botanikar, Norsk botanisk foreining

Einar Kristiansen, grunneigar, Myklebust

Roy Mangersnes, økolog, dagleg leiar, Ecofact

Paula Utigard Sandvik, førsteamanuensis, Stavanger arkeologiske museum

Vedlegg 1 – Verneforskrift

Forskrift om fredning for Storamyr naturreservat, Sola kommune, Rogaland.

Fastsatt ved kgl.res av 12. desember 1986. Fremmet av Miljøverndepartementet.

I

I medhold av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 8, jfr. § 10 og § 21, § 22 og § 23, er et myrområde i Sola kommune, Rogaland fylke, fredet som naturreservat ved kgl.res. av 12. desember 1986 under betegnelsen Storamyr naturreservat.

II

Det fredete området berører følgende gnr/bnr: 3/1, 3/2, 30, 3/3, 3/4, 3/6, 3/10, 3/11, 3/12, 3/13, 3/15, 3/16, 3/17, 3/18, 3/19, 3/20, 3/21, 3/22 og 4/1,4.

Reservatet dekker et areal på ca. 145 daa.

Grensene for naturreservatet fremgår av ortofoto i målestokk 1:10.000, datert Miljøverndepartementet mai 1986. Ortofotoet og fredningsbestemmelsene oppbevares i Sola kommune, hos fylkesmannen i Rogaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

De nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkes i marka der de går over land og knekkpunktene bør koordinatfestes.

III

Formålet med fredningen er å bevare en typisk flatmyr med variert vegetasjon, og samtidig bevare en viktig fuglebiotop.

IV

For reservatet gjelder følgende bestemmelser (jfr dog punktene V og VI):

1. Vegetasjonen, herunder døde busker og trær, er fredet mot skade og ødeleggelse unntatt det som følger av tillatt ferdsel eller tiltak i medhold av punktene V-VII.
Det er forbudt å fjerne planter eller plantedeler fra reservatet.
Nye plantearter må ikke innføres. Treslagsskifte er forbudt.
2. Fuglelivet, herunder fuglenes reir og egg, er fredet mot enhver form for skade, ødeleggelse og unødige forstyrrelser. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen, samt slipp av hund er forbudt.
3. Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre de naturgitte forhold, som f.eks. oppføring av bygninger, anlegg og faste innretninger, framføring av luftledninger, jordkabler og kloakkledninger, bygging av veier, drenering og annen form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk og andre konsentrerte forurensingstilførsler, henleggelse av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske bekjempningsmidler.
Opplistingen er ikke fullstendig.
3. Motorisert ferdsel er forbudt.
4. Camping, teltslagning og oppsetting av kamouflasjeinnretninger for fotografering er forbudt.
5. Ferdselen i området kan reguleres i samsvar med godkjent skjøtselsplan.

V

Bestemmelsene i pkt. IV er ikke til hinder for

1. Gjennomføring av militær operativ virksomhet og tiltak i ambulans-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsøyemed.
2. sankning av bær og matsopp.
3. tradisjonell beiting og kultiveringstiltak i samband med dette i henhold til godkjent skjøtselsplan.

VI

Forvaltningsmyndigheten kan gi tillatelse til

1. å iverksette tiltak med sikte på å bygge opp og bevare en stabil og variert randsone rundt myra.

Forvaltningsmyndigheten fastsetter bredden på denne sonen. Randsonen ligger innenfor reservatgrensen.

2. skoghygieniske tiltak i randsonen rundt myra og på fastmarksøyer i myra.

VII

Forvaltningsmyndigheten, eller den forvaltningsmyndigheten bestemmer, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredningsformålet. Det kan utarbeides skjøtselsplan, som skal inneholde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltakene.

VIII

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra fredningsbestemmelsene når formålet med fredning krever det, samt for vitenskapelige undersøkelser, arbeider av vesentlig samfunnsmessig betydning og i andre særlige tilfeller når disse ikke strider mot formålet med fredningen.

IX

Forvaltningen av fredningsbestemmelsene tillegges fylkesmannen i Rogaland.

X

Den myndighet Kongen har etter samme lovs § 10 til å fastsette nærmere bestemmelser om området og dets skjøtsel, etter § 21 til merking av fredninger m.v., etter § 22 om regulering av ferdsel og etter § 23 til å gjøre unntak fra bestemmelsene, overføres for disse områdene til Miljøverndepartementet.

XI

Disse bestemmelsene trer i kraft straks.

Vedlegg 2 – Registrerte fugleartar i Storamyr naturreservat

Systematisk liste over registrerte fuglearter i Storamyr per 1. november 2012.

Tabell over fugleartar som er registrerte i Storamyr naturreservat, kva funksjon reservatet har for den respektive arten, samt oppdatert status over kor vanleg arten er, eller kor hyppig han førekjem i reservatet. Status viser arten sin status i den norske raudlista over trua artar.

CR = kritisk trua, EN = sterkt trua, VU = sårbar, NT = nær trua (Artsdatabanken 2010).

